



## Innkomne saker til årsmøtet til Hafslo IL torsdag 12.februar 2026

### Sak 11: Organisasjonsplan Hafslo IL 2026-2030

#### Saksutgreiing:

På årsmøtet 13.02.2025 vart det vedteke følgjande når det gjeld organisasjonsplanen vår:

*«Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023–2026 slik den er. Så får styret og gruppene mandat til å gjennomføre ein prosess med framlegg til endringar i organisasjonsplanen fram mot neste årsmøte. Dette inneber involvering av gruppene, at planen vert lagt ut på høyring, og at organisasjonsplanen vert oppdatert i tråd med behov, samansetning av gruppene og aktivitet på årsmøtet i 2026.*

*Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2025, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.»*

Lenkje til organisasjonsplan 2023-2026: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2023/03/HIL-ORGANISASJONSPLAN-2023-2026-oppdatert-19.02.2023.pdf>

Lenkje til oppdatert organisasjonsplan 2026-2030: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2026/02/Organisasjonsplan-HIL-2026-2030-oppdatert-05.02.2026.pdf>

Styret og særgruppene har hatt dialog og drøftingar om oppdatering av organisasjonsplanen. Det har særleg vore ein diskusjon om kor vidt dugnad i samband med Lerum Cup skal vere obligatorisk for alle grupper, og såleis ein «fellesdugnad» for gruppene i Hafslo IL. Slik det er lagt opp til i oppdatert organisasjonsplan, er det no lagt opp til obligatorisk dugnad for fotball og skigruppene slik praksis har vore siste åra, medan andre grupper får høve til å bidra med dugnad. Oppdatert organisasjonsplan 2026-2030 vart lagt ut for innspel på heimesida vår 05.02.2026.

#### Vurdering av framlegget:

**Styret i Hafslo IL har gjennomgått framlegget til oppdatert organisasjonsplan 2026-2030, og gjer framlegg om at denne vert vedteken av årsmøtet 12.02.2026 slik den vart lagt ut på heimesida 05.02.2026.**

### Sak 12 a: Sportsplan Fotballgruppa 2026-2029

#### Saksutgreiing:

Fotballgruppa har gjennom fleire år hatt ein Sportsplan som skal vere eit styringsverktøy og eit hjelpemiddel for fotballgruppa, trenarar og lagleiarar. Det er eit ønskje om at Sportsplanen vert

formelt vedteke på årsmøtet i Hafslo IL for å gjere denne kjent og synleg for tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og foreldre.

Fotballgruppa har hausten 2025 og fram mot årsmøtet 12.02.2026 gjort eit grundig og godt arbeid med Sportsplanen som er tilpassa faktiske tilhøve og behov. Ekstra positivt at planen legg opp til satsing på auka støtte til deltaking på turneringar, fokus på Fair Play, klare retningslinjer for hospitering og satsing på rekruttering av dommarar.

Oppdatert Sportsplan Fotballgruppa 2026-2029 vart lagt ut på heimesida vår 05.02.2026:  
<https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2026/02/Sportsplan-Fotballgruppa-2026-2029.pdf>

### **Vurdering av framlegget:**

**Styret i Hafslo IL har gjennomgått framlegget til oppdatert Sportsplan Fotballgruppa 2026-2029, og gjer framlegg om at denne vert vedteken på årsmøtet 12.02.2026 slik den vart lagt ut på heimesida 05.02.2026.**

### **Sak 12 b: Anleggsplan Hafslo IL 2026-2031**

#### **Saksutgreiing:**

På årsmøtet i Hafslo IL 27.02.2023 vart det gjort følgjande vedtak under sak 11a «Anleggsplan Hafslo IL 2023–2027»:

*Hafslo IL vedtek framlegg til ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 slik denne vert lagt fram for årsmøtet 27. februar 2023. Dette inneber at anlegga under del 2 vert prioritert høgt vidare i neste planperiode, og at alle anlegga under del 3 med styret sine prioriteringar vert spelt inn til arbeidet med ny «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» innan fristen 1.mai 2023. Årsmøtet godkjenner at styret har dialog med Sogn skisenter om prioritering av anlegga under punkt 4 (hopp K45) og 5 (oppgradering K10-19 til heilårsanlegg) og kan byte rekkefølga på desse.»*

Etter årsmøtet i 2023, vart Hafslo IL spelt inn til Luster kommune, som vedtok [«Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036»](#).

Oppsummert kom følgjande prioriterte anlegg frå Hafslo IL med i kommunal handlingsplan 2024-2027:

- **Lysanlegg Hafslo stadion**
- **Heilårs hoppbakker K5, K10 og K19 med lysanlegg ved Sogn Skisenter**
- **Sprint- og rulleskiløype med lys ved Sogn Skisenter**
- **Hopp K45 ved Sogn Skisenter**

Lysanlegget på Hafslo stadion er realisert i 2025, heilårs hoppbakkar og sprint- og rulleskiløype er under realisering. Hopp K45 er klar for spelemiddelsøknad, men enno ikkje sendt inn søknad for.

Etablering av anlegg og prioriteringar av anlegg engasjerer mange. Med tanke på utvikling av aktivitet ved Sogn Skisenter innan alpint- og friski dei siste åra, er det mellom anna uttrykt stort behov for eit eige friskianlegg. Det har også vore stor tilflytting til Hafslo dei siste åra, og det er mange som etterlyser anlegg for å kunne drive med både fotball, handball og andre idrettar på vinterstid. Gymsalen på Hafslo er rett og slett for liten, og har sprengt kapasitet.

På grunnlag av innspel om vidareføring og prioritering av tidlegare innspelte anlegg, og nye anlegg, har styret i Hafslo IL vurdert at det er fornuftig å oppdatere gjeldande anleggsplan ut i frå behov, innspel og den komande planprosessen med ny handlingsplan i Luster kommune.

I dialog med særgruppene og innkomne innspel gjer styret framlegg om å vedta oppdatert anleggsplan på årsmøtet 12.02.2026. Oppdatert framlegg til [anleggsplan Hafslo IL 2026-2031](#) er publisert på heimesida 08.02.2026. Styret i Hafslo IL sine ønskje om prioriteringar framover går fram av punkt 8 i planen og kan oppsummerast slik:

1. **Fotballhall Hafslo**
2. **Rekrutteringsanlegg for alpint og friski i Banktrekket ved Sogn Skisenter**
3. **Rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane**
4. **Fleirbrukshall Hafslo**
5. **Anlegg knytt til langrenn ved Sogn Skisenter (tidtakarbu/stadionbygg og garasjebygg for utstyr)**
6. **Hopp K45 Sogn Skisenter**
7. **Hopp K65/70 ved Sogn Skisenter**
8. **Kunstgras 11ar på Hafslo stadion i Moane**

Vi viser elles til utfyllande opplysningar om anlegga og styret si grunngeving for prioriteringane i utkastet til anleggsplan for Hafslo IL 2026-2031.

### **Vurdering av framlegget:**

**Styret i Hafslo IL gjer framlegg om at oppdatert anleggsplan 2026-2031, med prioriteringar under punkt 8, vert vedteken på årsmøtet 12.02.2026 slik den vart lagt ut på heimesida 08.02.2026.**

Styret i Hafslo IL 08.02.2026

Ove Midtbø  
Leiar Hafslo IL

